



Helene i Senkveld - klar for avreise til Skorpo med AIRLIFT sitt helikopter.

Laurdag 29. august var BKK i arbeid med linje og stolpearbeid på Skorpo. Nokre undra seg på kvifor dette arbeidet vart gjort på ein laurdag. Det var endå til eit smell frå sprenging. Uskedalen.no var informert om at det var opptak for Senkveld på TV2 der programleiarane Stian Blipp og Helene Olafsen fekk vera med på kabelstrekk og montering av master. Hendinga skulle ikkje ut før det nærma seg sending, som var i går kveld.

Bakgrunnen var Senkveld sitt faste innslag der Stian Blipp og Helene Olafsen med ektemakar og born flytta inn hos tilfeldig valde familiar i Noreg. Laila Veastad og Christian Tveiten i Herøysundet har såleis vore vertsskap og gjester i programmet. På den siste dagen fekk Stian, Helene og crewet vera med Christian på arbeidsplassen hans i BKK. Arbeidet var montering av stolpar som kom med AIRLIFT sin maskin frå Børneset.

I forkant av sjølve arbeidet fekk dei oppleve helikoptertur over fjella i Herøysundet og Uskedalen.



Stian Blipp og Laila Veastad i heilikopteret over fjella i Uskedalen og Herøysundet.

Regionsleiar i BKK nett, Søråust, Hermann Skromme, fortalde i august til Uskedalen.no at arbeidet er ein del av det å sikra Skorpo med hus, hytter og oppdrettsanlegget ei trygg og stabil straumforsyning. Difor vert det lagt sjøkabel frå Børneset til område kring Øredalen, i tillegg til forsyninga frå Ljosnes til Snilstveitøy og vidare i luftspenn mot vest til Skorpo.



I sendinga var det lagt inn ei lita sprenging der sjøkabelen kjem i land. Dette klippet har seinare vore fast innslag i Senkveld som innleing til Vi flyttar inn.

Senkveld har til vanleg eit høgt sjåartal. Skorpo vart rett noko ikkje omtalt med namn, berre 'den lille øya'. Det var upresist og merkeleg.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Skjermbilde fra TV2 - Senkveld



I sendinga fekk vi sjå mykje vakker natur frå bygdene Uskedalen og Herøysundet.